



## MØTEPROTOKOLL

<b>Organ</b>	<b>Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne</b>
<b>Møtestad</b>	<b>ATS Gaupne</b>
<b>Møtedato</b>	<b>20.09 – 21.09.2017</b>
<b>Kl.</b>	<b>12:00 20. september – 15:00 21. september 2017</b>

**Faste medlemmer til stades:** Odd Atle Stegegjerdet, Anita Æsøy,

Bente Underthun, Magnus Strand

**Forfall til møtet:** Erlend Haugen Herstad

**Varamedlemmer til stades:** Gunn Karin Sande (20.09.2017)

**Til stades med møte- og talerett:**

**Sekretariat for møtet:** Anne-Kjersti Stavø Stenehjem

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Møteprotokoll frå 6. juni 2017 vart godkjend utan merknader.

### **Orienteringar 19. september:**

Odd Atle Stegegjerdet som er dagleg leiar ved ATS (Arbeids- og treningscenteret) orienterte om ATS. ATS er eit opplæring- og arbeidstilbod for medarbeidarar med ulike behov for tilrettelagt arbeid. Tilbodet er behovsprøvd. Søkarar kan få eit tilbod under føresetnad av at det er ledig plass og at det finst høvande oppgåver å tilby. ATS er den største produsenten av ved i distriktet, og saman med ei rekkje andre produkt og tenester utgjer dette eit godt tilbod både for arbeidstakarar og kundar.

Seinare på dagen var det omvising i Lustrabadet, og orientering.

### **Orienteringar 20. september:**

#### Informasjon frå Luster kommune om:

- Skule og barnehage for barn med spesielle behov, der kommunalsjef Knut Åge Teigen fortalde korleis dei jobba med dette i Luster kommune. Nokre av tinga kommunalsjefen framheva var: relasjonar og trygghet, tilpassing universell utforming, alternativ opplæringsarena, tilrettelegging skyss og SFO.
- Velferdsteknologi i Luster kommune v/ass. rådmann John Olaf Røhme og ergoterapeut Bjørn Ove. Luster kommune deltek i NVP via regionalt prosjekt. Rask varsling gjev auka trykkleik for bebuar og pårørande, og det gjev auka fleksibilitet og tryggleik for tilsette.

#### Informasjon om Gaupne omsorgssenter:

- Der fagleiar Henriette Sandvik og einingsleiar Tone Kjærvik Kveane orienterte om omsorgssenteret, og viste fylkesrådet rundt på bygget.

#### Sogndal vidaregåande skule:

- Rådgjevar for tilpassa opplæring, Astrid Kristiansen Rømme, orienterte om tilbodet til elevar med spesielle behov, og viste fylkesrådet rundt om i undervisningslokala.

**Følgjande skriv vart lagt fram til orientering:**

**Meldesak 1) SOR-konferanse 26. – 27. oktober, Oslo kongressenter**

Hovudtema for konferansen er: «Ferdigheter for framtida» - målretta og relasjonell miljøterapi og miljøarbeid. Utvikling av kompetanse hos tenestebrukarar og tenesteytarar.

Påmeldingsfrist 25. oktober

Konklusjon: Odd Atle har meldt seg på konferansen.

**Meldesak 2) Landskonferansen i Stavanger 31. oktober – 1. november**

Programmet for landskonferansen, som fylkesrådet i Sogn og Fjordane er med å arrangerer, er komen på plass, og foredragshaldarane har stadfesta at dei kjem.

Invitasjon til landskonferansen vart sendt ut til medlemmane i fylkesrådet 12. juni, og påminning i august. Frist for påmelding er 15. september.

Konklusjon: Følgjande medlemmar reiser på konferansen: Magnus, Odd Atle og Erlend.

**Meldesak 3) Lesarbrev frå HLF om lærarkompetanse for hørselshemma**

Lesarbrevet er ei orientering til fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne, og det er òg sendt til lokalavisene i Sogn og Fjordane.

Barn og unge med hørselsutfordringar fortel om mobbing, manglande trivsel og utanforskap. Resultat frå HLF si undersøking (mai 2017) viser at 28 prosent av hørselshemma elevar opplever å bli mobba fleire gonger i månaden. Tilsvarende tal frå elevundersøkinga i 2016 viser 4,6 prosent.

Medlemmane i fylkesrådet stadfesta at det er tilfelle at mange med handicap vert mobba, og lukka ute frå integreringa i skulen.

Konklusjon: Lesarbrevet teke til orientering. Fylkesrådet har ynskje om å få informasjon frå opplæringsavdelinga om korleis det vert jobba med førebyggjande arbeid om mobbing i vidaregåande skular i fylket.

**Meldesak 4) Generasjonskonferanse?**

Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne har hatt som tradisjon å arrangere ein konferanse i fylket for dei kommunale råda, ein gong i løpet av perioden.

Det er kome inn forslag om å arrangere ein generasjonskonferanse, der fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne, fylkesrådet for eldre og UPU samarbeider om å arrangere ein konferanse, med eit felles tema.

Det er kome forslag om å arrangere konferansen 9. – 10. mars 2018.

Nordland fylkeskommune har arrangert slike konferansar i fleire år. Den siste konferansen arrangerte dei 21. – 23. april:

<https://www.nfk.no/politikk/medvirkning/eldreradet/generasjonskonferansen-2017.998002.aspx>

Konklusjon: Fylkesrådet er positive til forslaget og tykkjer psykisk helse kan vere eit aktuelt overordna tema for konferansen.

**Meldesak 5) Ymse**

- Det var einigheit om å ikkje ta arbeidsplanen som tema i dette møte, men ta arbeidsplanen opp som tema igjen i neste møte i november.
- Trainee Frank Tore Farsund Tveit ved nærings- og kulturavdelinga, orienterer om fagområdet folkehelse neste møte. Medlemmane i fylkesrådet har ynskje om å få informasjon om kvardagsrehabilitering, friluftsliv for menneske med nedsett funksjonsevne og friluftsliv i nærmiljøet.

**SAK 13/17      Innspel til planlegging av rutetilbodet frå 25. juni 2018,  
frå fylkesrådet for menneske med nedsett  
funksjonsevne**

**Medlemmane i fylkesrådet skriv innspel til samferdsleavdelinga i møte 19. september.**

**Endringsframlegg:**

Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne meiner at det er viktig med gode transportvilkår. Difor er det viktig at vi ikkje mister det siste kollektivtilbodet som er, sidan det allereie er få transportmoglegheiter i fylket. Serviceskyssen må vere ein erstattar for lokale ruter som vert lagt ned. Det er viktig at serviceskyssen vert gjort kjent på ein god måte rundt om i kommunane, slik at tilbodet om serviceskyssen vert kjent blant alle brukarane i kommunane.

Det er særleg viktig at vedlikehaldet på gang- og sykkelveggar må vere godt nok når det gjeld brøyting og strøing, sidan dette er viktig for alle, og det er eit godt folkehelseiltak. Busstoppa må så langt som råd vere på stader der ein kan ivareta universell utforming. Billettsystem må vere tilrettelagt for alle.

**Avrøysting:**

Samrøystes

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne meiner at det er viktig med gode transportvilkår. Difor er det viktig at vi ikkje mister det siste kollektivtilbodet som er, sidan det allereie er få transportmoglegheiter i fylket. Serviceskyssen må vere ein erstattar for lokale ruter som vert lagt ned. Det er viktig at serviceskyssen vert gjort kjent på ein god måte rundt om i kommunane, slik at tilbodet om serviceskyssen vert kjent blant alle brukarane i kommunane.

Det er særleg viktig at vedlikehaldet på gang- og sykkelveggar må vere godt nok når det gjeld brøyting og strøing, sidan dette er viktig for alle, og det er eit godt folkehelseiltak. Busstoppa må så langt som råd vere på stader der ein kan ivareta universell utforming. Billettsystem må vere tilrettelagt for alle.

-----

**SAK 14/17      Skriv og melding 19. september 2017 - fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne**

**Frå sekretariat låg det føre slik tilråding til vedtak:**

**Tilråding til vedtak:**

1. Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne tek skriv og meldingar til vitande
2. Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne sine uttalar og kommentarar til kvart einskild skriv og melding, vert lagt under kvar meldesak

**Avrøysting:**

Samrøystes

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

**Tilråding til vedtak:**

1. Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne tek skriv og meldingar til vitande
2. Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne sine uttalar og kommentarar til kvart einskild skriv og melding, vert lagt under kvar meldesak

-----